



Michael Røssland takkar for gåva på flotte 300 tusen til GULL AV GRUS.

**Det var mange fornøgde mottakarar til stades då Sparebankstiftinga Kvinnherad hadde vårens gåveutdeling i Kulturhuset Husnes torsdag. 450.000 kroner vart tildelt til lag frå Uskedalen, og i tillegg vil mange uskedelingar nyte godt av rause gåver til andre lag som dei er medlemmer av.**



Fornøgde mottakarar. Vi ser mellom [anna Anette Sund](#), [Janne Yri](#), [Eli R. Eik](#), [Berit H. Myklebust](#), [Michael Røssland](#) og fotballeiar [Lars Emil Berge](#).

Den nye daglege leiaren i Sparebankstiftinga, Daniel Morso, ønskte velkommen og sidan det var det første gåvedryssset han leia, presenterte han seg for dei frammøtte. Rett nok var han også tilstades ved gåveutdelinga sist haust, men det var ved årskiftet han overtok som dagleg leiar etter Åsmund Kåre Røyrvik.

Til no har Sparebankstiftinga delt ut gåver på 40 millionar. Til denne utdelinga var det kome inn 128 søknader, og 55 fekk positivt svar. 9 av desse var frå Stord, 6 frå Odda og resten frå Kvinnherad. Torsdag vart det delt ut 3,8 millionar til lag frå Kvinnherad. Av desse gjekk 375.000 kr til det gode ' Gull av grus' - prosjektet sentralt i bygda vår. Uskedal helselag fekk 75.000 kr til asfaltering av turstiar og treningsapparat rundt omkring i løypa. Med asfalt vert den tilgjengeleg for dei fleste enten dei trillar barnevogn, brukar rullator eller sit i rullestol. Uskedal idrettslag fekk 300.000 kr til byggjetrinn 3 som er klatreparken som skal koma i midtfeltet i enden mot Geilo. Dette er dyre apparat så pengane kjem godt med. Med desse to flotte gåvene er prosjektet kome eit godt steg vidare, og dermed byrjar dette prosjektet som verkeleg vil verta eit aktivum i sentrum å ta form!



Eli Roseth Eik og Berit H. Myklebust tok mot gåva til Uskedal helselag.



Vigdis Gammelsæther og Tina Eik tok mot gåva til klatregruppa.

Uskedal idrettslag fekk også ei gåve på 50.000 kr til klatreaktivitetane som klatregruppa driv. Dei fekk også same sum i haust. Dette skal hjelpe til å skapa eit klatremiljø både innandørs og ute. Vigdis Gammelsæther

uttrykte i takketalen sin at det er stor interesse for å bruka Kvinnheradsnaturen til klatring. Mange kjem langvegsfrå for å oppleva det, men det er helst få lokale som nyttar seg av det. Med midlane håpar dei å utvikla klatremiljøet her.

Ungdomslagshytta Fjelly er som kjent 100 år i år. Dette vert markert 20.mai, og det er gjort svært mykje godt arbeid på hytta dei siste åra. Torsdag fekk dei ei gåve på 25.000 kr. som mellom anna skal brukast til terrasse på framsida av hytta.



Janne Yri og Anette Sund takka for gåva til Fjelly

Elles var det også fleire andre lag med medlemmer frå Uskedalen som vart tildelt gåver. Mellom dei var Kvinnherad Handballklubb, Rosendal Turnlag, fotball, Kvinnherad turlag og Kvinnherad motorsykelklubb.

Mange av mottakarene understreka kor viktige desse gåvene er for aktivitetane deira. Det er sikkert og visst. Denne gode gåveordninga har skapt mykje positivt, og både dagleg leiar Daniel Morso og styreformann Svein Arne Eidsvik oppfordra laga til å sende søknader.



Kjell Yri frå Kvinnherad turlag takka for gåva på 50 tusen til vedlikehald og oppgradering av turstiprosjektet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland